



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtedato: 20.04.2023
Møtetid: Kl. 08:30 - 16:20
Møtestad: Kommunehuset – Kommunestyresalen

Av 21 medlemmer møtte 21, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte:	Parti:
Gunn Østvik Petersen	Ap
Harald Boge	Ap
Jon Magne Bøgevik	Ap
Anja Elisabeth Gjerde Markhus	Bl
Knut Harald Frøland	Bl
Knut Loneland Høibraaten	Bl
Lena Tveit	Bl
Ove Totland	Bl
Solveig Vassenden	Bl
Øyvind Steinsland	Bl
Karl Bård Kollbotn	Frp
Linda Haug Kollbotn	Frp
Odd Arne Haga	Frp
Arild Røen	H
Gunn Totland Moss	KrF
Oskar Røen	MDG
Øyvind Strømmen	MDG
Øyvind Røen	Sp
Monica Tjønnå	Uavh

Desse medlemmene møtte ikke:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Shirin Kvernes Khadoor	Ap	Ingvild Raftevoll Bøgevik	Ap
Martin Haugen	Bl	Bjarte Linga	Bl

Møtenotatar:

Andre som var til stades på møtet:

- Ove Sæbø, rådmann
- Karl Viken, kommunalsjef økonomi og organisasjon
- Hilde-Lill Våge, kommunalsjef samfunnsutvikling
- Edith Oma, kommunalsjef helse og omsorg
- Siv Sæterdal, rådgjevar oppvekst
- Jan Erik Boge, rådgjevar
- Kenneth Teigenes, Statnett (under orientering i sak 030)
- Steinar Parelius, Statnett (under orientering i sak 030)
- Jørgen Ohnstad, World Kinect Energy Services (under orientering i sak 030)

- Ola Klyve Dalland, ABO Plan & Arkitektur AS (sak 038)

Vedlegg til møteprotokollen:

- Presentasjon frå Statnett, vist i sak 030
- Presentasjon frå World Kinect Energy Services, vist i sak 030
- Økonomipresentasjon, vist i sak 030
- Svar på interpellasjon om kvalitetssikring av marknadsførings- og opplysningsmateriell i kommunen
- Svar på interpellasjon om trafikktryggleik

Møteleiar:	Knut Harald Frøland
Møtesekretær:	Jan Erik Boge

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
029/2023	23/325	Godkjenning av innkalling og sakliste	
030/2023	23/325	Faste saker	
031/2023	22/912	Barnehagestruktur i Samnanger	
032/2023	23/202	Godkjenning av samarbeidsavtale for Syns- og audiopedagogisk teneste Vestland – kommunalt oppgåvefellesskap	
033/2023	23/211	Høyringsuttale til Energikommisjonen sin rapport – NOU 2023:3	
034/2023	23/226	Høyringsuttale til forslag om endringar i inndelingslova	
035/2023	22/515	Status – utbetring av vegen i Hagabakkane	
036/2023	21/703	Søknad startlån til vidarefordeling 2023–2024	
037/2023	23/316	Tilrettelegging for gaming- og e-sport i Samnanger	
038/2023	21/708	Fleirbrukshall - vurdering av tomtealternativ, måloppnåing/samfunnseffekt, risiko, framdriftsplan og kostnader	
1	20/25	Interpellasjon frå Krf	
2	20/25	Interpellasjon Trafikktryggleik	
039/2023	19/28	Presisering av vedtak KS-022/2023 om endring av VA-gebyr sjølvkostområde Eikedalen	
2023D02	23/325	Dokument utlevert i møtet	

SAKNR. 029/2023: Godkjenning av innkalling og sakliste

20.04.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS- 029/2023 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Innkalling og sakliste vert godkjent.

SAKNR. 030/2023: Faste saker

20.04.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte:

Ingen merknader.

Ordføreren orienterer:

- **Budsjettseminar torsdag 01.06.2023.** Heile kommunestyret vil bli invitert til budsjettseminar torsdag 01.06.2023.

Orientering frå Statnett:

Orientering om prosjekt Sogndal – Sauda v/Kenneth Teigenes og Steinar Parelius. Kopi av presentasjonen dei viste i møtet ligg som vedlegg til møteprotokollen.

Orientering frå World Kinect Energy Services:

Orientering v/Jørgen Ohnstad. Kopi av presentasjonen han viste i møtet ligg som vedlegg til møteprotokollen.

Rådmannen orienterer:

Orientering v/kommunalsjef økonomi og organisasjon, Karl Viken:

- **Orientering om økonomi.** Kopi av presentasjonen som vart vist i møtet ligg som vedlegg til møteprotokollen.

Orientering v/kommunalsjef helse og omsorg, Edith Oma:

- **Kommentarar til innlegg om Samnangerheimen i kommunestyret 09.03.2023.** Edith Oma viste til innlegg frå Monica Tjønna (Uavh) i kommunestyret 09.03.2023 (sak 028/2023), og orienterte om reaksjonar frå tilsette, fakta i saka m.m.
- **Permisjonssøknad privatpraktiserande fysioterapeut.** Den privatpraktiserande fysioterapeuten i kommunen har mista retten til refusjon frå folketrygda i fire år, og har søkt kommunen om permisjon frå praksisen i denne perioden. Edith Oma orienterte om at det no er bestemt at permisjonssøknaden ikkje blir innvilga.
- **Utleige av sjukeheims plassar.** Edith Oma viste til spørsmål i tidlegare møte om mynde til å ta avgjerd om utleige av sjukeheims plassar. Ho orienterte om at administrasjonen ikkje har funne noko eintydig svar på dette.
- **Avvikling av interkommunalt Kols-team og Diabetes-team.** Bjørnafjorden kommune har meldt frå om at desse to interkommunale teama vil bli nedlagde, truleg frå hausten 2023.

Orientering v/kommunalsjef samfunnsutvikling, Hilde-Lill Våge:

- **Status for investeringsprosjekt.** Hilde-Lill Våge orienterte om status for følgende investeringsprosjekt:
 - vegutbetring Hagabakkane
 - trafikksikring Gjerdsvegen og Nesjavegen
 - ny omsorgsbustad (Reistadliane 39)
 - gangveg (gangsti) til Hagabotnane
 - parkeringsplass Helsetunet og ny leikeplass på Haga
- **Revisjon av samarbeidsavtale landbruk.** Sak om revisjon av samarbeidsavtalen for Bjørnafjorden landbrukskontor kjem opp i neste møterunde.

Spørsmål:

Spørsmål om bygging av fleirbrukshall på Lauskar

Odd Arne Haga (Frp) hadde sendt inn to skriftlege spørsmål før kommunestyremøtet. Han las opp spørsmåla. Ordfører Knut Harald Frøland (Bl) svara.

Ønske om teleslynge og industri-oppvaskmaskin på biblioteket

Solveig Vassenden (Bl) orienterte om ønske om teleslynge og industri-oppvaskmaskin på biblioteket på Bjørkheim.

Permisjonssøknad privatpraktiserande fysioterapeut

Solveig Vassenden (Bl) viste til orienteringa frå kommunalsjef Edith Oma om avslag på permisjonssøknad frå privatpraktiserande fysioterapeut. Ho stilte spørsmål om kvifor det ikkje var gitt permisjon. Rådmann Ove Sæbø svara.

Uteområde og leikeutstyr barneskulen

Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl) spurde om det er planlagt oppgradering av uteområde (nytt leikeutstyr) på barneskulen. Kommunalsjef Hilde-Lill Våge svara.

Relativ fattigdom

Gunn Totland Moss (KrF) spurde om status for arbeid knytt til relativ fattigdom. Rådmann Ove Sæbø svara.

Brannstasjon og næringsområde i Raunekleiva

Arild Røen (H) spurde om status i sakene om brannstasjon og næringsområde i Raunekleiva. Rådmann Ove Sæbø og kommunalsjef Hilde-Lill Våge svara.

Informasjon på nettside for Rolvsvåg Industrihavn

Jon Magne Bøgevik (Ap) viste til at på nettsida til Rolvsvåg Industrihavn er Samnanger kommune oppført som partner. Han bad om at kommunen er behjelpeleg med å få sletta denne nettsida.

Konsulentbistand frå Agenda Kaupang

Monica Tjønnå (Uavh) bad om informasjon om bruken av konsulenthjelp frå Agenda Kaupang innanfor skuleområdet. Rådmann Ove Sæbø svara.

Samrøystes vedtak.

KS- 030/2023 Vedtak:

Orienterings-/referatsaker vert tekne til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Orienterings-/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 031/2023: Barnehagestruktur i Samnanger

20.04.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Tilleggsframlegg til formannskapetets framlegg, sett fram av Monica Tjønnå (Uavhengig representant):

Kommunestyret ber rådmannen om å gjennomføre ein utgreiingsprosess kor samanslåing av dei to kommunale barnehagane skal vurderast.

Utgreiinga skal innebere forslag til føretrukken løysing og leggjast fram for kommunestyret i september 2023.

Denne vurderinga må mellom anna sjå på konsekvensar for trafikktryggleik og for pendlarar med barn i barnehagane. I tillegg må det gjerast vurderingar av korleis dette kan påverka trivsel.

I vurderinga bør det også sjåast i eit lengre tidsperspektiv, kva fylgjer ein eventuell samanslåing vil få ved eventuelle auka barnetal. Det bør også leggjast til rette for at alle som ynskjer å uttala seg, får anledning til dette.

Tillegg:

Fagpersonale og pedagogiske leiare i barnehagane skal ha ein framtrødande rolle i planlegginga for å sikra fagleg forsvarlegheit ved ei eventuell endring i forhold til dagens barnehagestruktur.

Handsaming:

Monica Tjønnå (Uavh) sette fram eit tilleggsframlegg.

Det vart røysta over formannskapetet si innstilling, inkludert tilleggsframlegget til Monica Tjønnå. Samrøystes vedteke.

KS- 031/2023 Vedtak:

Kommunestyret ber rådmannen om å gjennomføre ein utgreiingsprosess der samanslåing av dei to kommunale barnehagane skal vurderast.

Utgreiinga skal innebere forslag til føretrøkt løysing og leggjast fram for kommunestyret i september 2023.

Denne vurderinga må mellom anna sjå på konsekvensar for trafikktryggleik og for pendlarar med barn i barnehagane. I tillegg må det gjerast vurderingar av korleis dette kan påverka trivsel.

I vurderinga bør det også sjåast i eit lengre tidsperspektiv, kva fylgjer ei eventuell samanslåing vil få ved eventuelle auka barnetal. Det bør også leggjast til rette for at alle som ynskjer å uttale seg, får

anledning til dette.

Fagpersonale og pedagogiske leiarar i barnehagane skal ha ei framtreddande rolle i planlegginga for å sikre fagleg forsvarlegheit ved ei eventuell endring i høve til dagens barnehagestruktur.

30.03.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Tilleggsforslag frå MDG, sett fram av Øyvind Strømmen (Miljøpartiet Dei Grøne):

Denne vurderinga må mellom anna sjå på konsekvensar for trafikktryggleik og for pendlarar med barn i barnehagane. I tillegg må det gjerast vurderingar av korleis dette kan påverka trivsel.

Tilleggspunkt, sett fram av Gunn Østvik Petersen (Arbeiderpartiet):

I vurderinga bør det også sjåast i eit lengre tidsperspektiv, kva fylgjer ein eventuell samanslåing vil få ved eventuelle auka barnetal. Det bør også leggjast til rette for at alle som ynksjer å uttala seg, får anledning til dette.

Handsaming:

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram eit tilleggsframlegg.

Gunn Østvik Petersen (Ap) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Gunn Østvik Petersen fram eit tilleggsframlegg.

Det vart røysta samla over rådmannen sitt framlegg, inkludert tilleggsframlegga til Øyvind Strømmen og Gunn Østvik Petersen. Samrøystes vedteke.

FORM- 024/2023 Vedtak:

Kommunestyret ber rådmannen om å gjennomføre ein utgreiingsprosess kor samanslåing av dei to kommunale barnehagane skal vurderast.

Utgreiinga skal innebere forslag til føretrukken løysing og leggjast fram for kommunestyret i september 2023.

Denne vurderinga må mellom anna sjå på konsekvensar for trafikktryggleik og for pendlarar med barn i barnehagane. I tillegg må det gjerast vurderingar av korleis dette kan påverka trivsel.

I vurderinga bør det også sjåast i eit lengre tidsperspektiv, kva fylgjer ein eventuell samanslåing vil få ved eventuelle auka barnetal. Det bør også leggjast til rette for at alle som ynksjer å uttala seg, får anledning til dette.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber rådmannen om å gjennomføre ein utgreiingsprosess kor samanslåing av dei to kommunale barnehagane skal vurderast.

Utgreiinga skal innebere forslag til føretrukken løysing og leggjast fram for kommunestyret i september 2023.

SAKNR. 032/2023: Godkjenning av samarbeidsavtale for Syns- og audiopedagogisk teneste Vestland – kommunalt oppgavefellesskap

20.04.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteken.

KS- 032/2023 Vedtak:

Samnanger kommune sluttar seg til Samarbeidsavtale for Syns og audiopedagogisk teneste Vestland – kommunalt oppgavefellesskap (SAPT Vestland).

Ordføraren blir Samnanger kommune sin faste medlem i representantskapet i SAPT Vestland.
Varaordføraren blir varamedlem.

30.03.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 019/2023 Vedtak:

Samnanger kommune sluttar seg til Samarbeidsavtale for Syns og audiopedagogisk teneste Vestland – kommunalt oppgavefellesskap (SAPT Vestland).

Ordføraren blir Samnanger kommune sin faste medlem i representantskapet i SAPT Vestland.
Varaordføraren blir varamedlem.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune sluttar seg til Samarbeidsavtale for Syns og audiopedagogisk teneste Vestland – kommunalt oppgavefellesskap (SAPT Vestland).

Ordføraren blir Samnanger kommune sin faste medlem i representantskapet i SAPT Vestland.
Varaordføraren blir varamedlem.

SAKNR. 033/2023: Høyringsuttale til Energikommisjonen sin rapport – NOU 2023:3

20.04.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Tillegg til høyrings-uttale til Energikommisjonens rapport., sett fram av Karl Bård Kollbotn (Framstegspartiet):

Samnanger kommune vil påpeika at det er store kraftressurser i verna vassdrag, som kan realiseres utan at det går på bekostning av verneverdier. Skånsom kraftutbygging er også beskrevet i verneplan 3 (Stortingsproposisjon 89, side 46)

Stortingsproposisjon 89, side 30 beskriver også at varig vern kan oppheves, basert på følgende formulering: «Hvis det senere viser seg å være prosjekter der varig vern vanskelig kan forsvares, kan vernevedtaket endres på vanlig måte av Stortinget».

NOU 1983: 41 (Sperstadutvalget) Her er det beskrevet at ny moderne og mer skånsom utbygging, som ivaretar verneverdiene kan komme på et senere tidspunkt. Allerede i 1983 har de tenkt tanken, at hvis verneverdiene blir ivaretatt, så bør skånsom kraftutbygging kunne tillates også i verna vassdrag. Samnanger kommune kan påta seg å være vertskommune for eit prøveprosjekt, der skånsom kraftutbygging i verna vassdrag blir utprøvd. Planlegging og utbygging av kraftverk i Eikedalsvassdraget kan utføres i samarbeid med forskarar fra SINTEF, som er eksperter på miljødesign i vassdrag. I det verna Eikedalsvassdraget kan det årlig produseres 150 GWh, utan at verneverdier blir redusert. Dette er miljøvennlig energi, som kan brukes til næringsutvikling i Samnanger kommune. Samnanger kommune har behov for fleire arbeidsplasser, og meir fornybar energi vil være nødvendig for å utvikle kommunen.

Sak 033/2023 – Høyringsuttale til utgreiing frå Energikommisjonen, sett fram av Øyvind Røen (Senterpartiet):

Samnanger kommune tek Energikommisjonen si utgreiing til etterretning og deler den uroa for Noreg sin framtidige kraftbalanse som også kjem fram i rapporten. I dei komande åra vil kraftsituasjonen i Europa endra seg, både fordi europeiske land ikkje ynskjer å gjera seg avhengige av import av gass frå Russland, og fordi det vert satsa stort på utbygging av fornybar energi i ei rekkje land. Dette vil også ha konsekvensar for Noreg og for vår konkurransesituasjon, sjølv om vasskrafta vår i stor grad har den fordelene at ho er regulierbar.

Energikommisjonen legg eit godt grunnlag for den breiare energipolitiske debatten. Samstundes ynskjer me å knyta nokre merknader til utgreiinga:

Samnanger kommune vil understreka at det grunnleggjande målet for energipolitikken må vera å sikra jamn og trygg tilgang på energi til norske forbrukarar, og at denne energien i størst mogeleg grad må koma frå fornybare kjelder.

I Noreg har særleg elektrisk kraft vore eit gode som i prinsippet alle har krav på til relativt låge prisar. Samnanger kommune meiner dette prinsippet også må liggja fast i framtida. I dette ligg det òg at det er viktig å føra vidare den føremonen som norsk næringsliv- har hatt gjennom tilgang på billeg elektrisk kraft.

Samnanger kommune vil påpeika at klimakrisa må handterast samstundes med at me handterer naturkrisa, altså aukande tap av naturmangfald og bortfall av såkalla økosystemtenester, som følgje av menneskeleg aktivitet. Det inneber at me også ved utbygging av fornybar energi må unngå inngrep i urørt natur og sårbar natur, og at det må takast omsyn til dyrs leveområde. For å redusera behovet for ny kraftutbygging er det difor grunnleggjande viktig med omfattande tiltak for energiøkonomisering og energieffektivisering, inkludert styrkte støtteordningar som gjer at flest mogleg kan gjera slike grep på husstandsniå, uavhengig av sin personlege økonomi.

Det inneber også tiltak for å redusera transportbehovet, der dette er mogleg, noko også som grip inn i andre samfunnsområde enn det reint energipolitiske. Energikommisjonen peiker på at fokus på transportbehov har konsekvensar for byplanlegging knytt til avstand mellom heim, skule, handelssenter og fritidsaktivitetar, medan ein i spreiddbygde strøk vanskeleg kjem unna individuelle transportløyningar. Samnanger kommune seier seg samde i dette, men vil peika på at transportbehov også må spela ei rolle i planlegging og utvikling utanfor byane. Samnanger kommune vil også peika på at det er viktig med desentraliserte, gode og digitalt tilgjengelege offentlege tenester, og på at det bør leggjast til rette for auka bruk av både heimekontor og satelittkontor for dei som ynskjer og har moglegheit til dette. Det siste vil både kunne bidra til redusera persontransportbehovet og til å styrkja arbeidsmarknaden i mindre kommunar som vår.

Samnanger kommune er glad for kommisjonen si understreking av at skatte- og avgiftspolitikken må utformast på ein slik måte at den ikkje hindrar samfunnsøkonomisk lønsame investeringar, og samstundes avspegla at kraftsektoren haustar av våre felles ressursar. Som ein vasskraftkommune vil me understreka kor viktig det er at lokalsamfunnet også haustar av verdiskapinga i sektoren.

Kommunen meiner at det er særleg viktig å leggja til rette for auka produksjon av regulerbar vasskraft gjennom modernisering av eksisterande kraftverk, noko som inneber mindre inngrep enn bygging av nye kraftverk og utviding av eksisterande.

Ein endra kraftsituasjon kan gjera auka bruk av effektkøyring i vasskraftverka aktuelt. Samnanger kommune ser på det som viktig at det vert stilt miljøkrav til effektkøyring av vasskraftverk, og at det bør utformast nasjonale retningsliner for effektkøyring.

Samnanger kommune meiner utbygging av landbasert vindkraft må unngåast i urørt natur. Det er positivt at det vert lagt opp til at vertskommunar får større innverknad i vindkraftsaker. Samstundes vil kommunen peika på at det trengst nasjonalt planverk på området, både for å definera område som ikkje bør vera aktuelle for utbygging av landbasert vind og for å beskytta naturverdiar, friluftsliv og andre interesser. Eit slikt nasjonalt planverk kan føra debattar om fornybar energi inn på eit meir konstruktivt spor, og også bidra til at ny, fornybar energi i større grad vert bygd ut, men då med mindre konflikhtar. Kommunen stør ei utgreiing av potensialet for nærvind, t.d. i form av mindre anlegg langs vegar, i industriområde eller i område der utbygging har få og små konsekvensar for natur og miljø. Samnanger kommune vil peika på at eit slikt arbeid må setjast i gang snarast.

Samnanger kommune er positiv til ei satsing på utbygging av havvind. Samnanger kommune er vald som utgangspunkt for elektrifisering frå land, noko som også inneber inntekter for kommunen. Me vil likevel understreka at vidare elektrifisering av norsk sokkel må skje gjennom produksjon av fornybar energi offshore, anten gjennom havvind eller på andre måtar. Elektrifisering av sokkelen frå land inneber knappare tilgang på kraft for industri på Vestlandet, og bidreg til å utfordra kraftbalansen. Ved utbygging av havvind og krav til dette i samband med elektrifisering av sokkelen kan ein oppnå det motsette. Når det gjeld utbygging av havvind, er det samstundes viktig at det vert teke omsyn til natur, fugletrekk, påverknad på marint liv og fiskeriinteresser.

Samnanger kommune vil peika på at energisituasjonen den siste tida har aktualisert ein debatt om kjernekraft. På kort sikt er kjernekraft neppe ei løysing for Noreg, mellom anna grunna utbyggingstid og små fagmiljø. Samstundes har FN's klimapanel peikt på at kjernekraft er ei delløysing, og Samnanger kommune vil understreka at det er viktig at Noreg følgjer og deltek i utviklinga av ny teknologi, til dømes små, modulære reaktorar.

Pussa framlegg frå MDG, sett fram av Øyvind Strømmen (Miljøpartiet Dei Grøne):

(Forklaring til framlegget: MDG har ikkje problem med endringane Røen føresler i innstillinga frå formannskapet, men har lagt til eit punkt som understrekar viktigheita av å ta omsyn til naturen også ved utbygging av kraftinfrastruktur. Då dette er eit punkt som bør leggjast inn riktig stad i fråsegna, er det lagt inn i eit fullstendig framlegg):

Samnanger kommune tek Energikommisjonen si utgreiing til etterretning og deler den uroa for Noreg sin framtidige kraftbalanse som også kjem fram i rapporten. I dei komande åra vil kraftsituasjonen i Europa endra seg, både fordi europeiske land ikkje ynskjer å gjera seg avhengige av import av gass frå Russland, og fordi det vert satsa stort på utbygging av fornybar energi i ei rekkje land. Dette vil også ha konsekvensar for Noreg og for vår konkurransesituasjon, sjølv om vasskrafta vår i stor grad har den fordel at ho er regulerbar.

Energikommisjonen legg eit godt grunnlag for den breiare energipolitiske debatten. Samstundes ynskjer me å knyta nokre merknader til utgreiinga:

Samnanger kommune vil understreka at det grunnleggjande målet for energipolitikken må vera å sikra jamn og trygg tilgang på energi til norske forbrukarar, og at denne energien i størst mogleg grad må koma frå fornybare kjelder.

I Noreg har særleg elektrisk kraft vore eit gode som i prinsippet alle har krav på til relativt låge prisar. Samnanger kommune meiner dette prinsippet også må liggja fast i framtida. I dette ligg det òg at det

er viktig å føra vidare

den føremonen som norsk næringsliv har hatt gjennom tilgang på billeg elektrisk kraft.

Samnanger kommune vil påpeika at klimakrisa må handterast samstundes med at me handterer naturkrisa, altså aukande tap av naturmangfald og bortfall av såkalla økosystemtenester, som følgje av menneskeleg aktivitet. Det inneber at me også ved utbygging av fornybar energi må unngå inngrep i urørt natur og sårbar natur, og at det må takast omsyn til dyrs leveområde. For å redusera behovet for ny kraftutbygging er det difor grunnleggjande viktig med omfattande tiltak for energiøkonomisering og energieffektivisering, inkludert styrkte støtteordningar som gjer at flest mogleg kan gjera slike grep på husstandsniå, uavhengig av sin personlege økonomi.

Det inneber også tiltak for å redusera transportbehovet, der dette er mogleg, noko også som grip inn i andre samfunnsområde enn det reint energipolitiske. Energikommisjonen peiker på at fokus på transportbehov har konsekvensar for byplanlegging knytt til avstand mellom heim, skule, handelssenter og fritidsaktivitetar, medan ein i spreiddbygde strøk vanskeleg kjem unna individuelle transportløyningar. Samnanger kommune seier seg samde i dette, men vil peika på at transportbehov også må spela ei rolle i planlegging og utvikling utanfor byane. Samnanger kommune vil også peika på at det er viktig med desentraliserte, gode og digitalt tilgjengelege offentlege tenester, og på at det bør leggjast til rette for auka bruk av både heimekontor og satelittkontor for dei som ynskjer og har moglegheit til dette. Det siste vil både kunne bidra til redusera persontransportbehovet og til å styrkja arbeidsmarknaden i mindre kommunar som vår.

Samnanger kommune vil peika på at det også ved utbygging av energiinfrastruktur er vesentleg at det vert teke grunnleggjande omsyn til naturverdiar, og då særleg inngrepsfri natur. Kommunen vil i denne samanheng peika på at det ofte finst moglegheiter i å oppgradera eksisterande linjenett framfor å føra fram linjer i nye traséar.

Samnanger kommune er glad for kommisjonen si understreking av at skatte- og avgiftspolitikken må utformast på ein slik måte at den ikkje hindrar samfunnsøkonomisk lønsame investeringar, og samstundes avspeгла at kraftsektoren haustar av våre felles ressursar. Som ein vasskraftkommune vil me understreka kor viktig det er at lokalsamfunnet også haustar av verdiskapinga i sektoren. Kommunen meiner at det er særleg viktig å leggja til rette for auka produksjon av regulierbar vasskraft gjennom modernisering av eksisterande kraftverk, noko som inneber mindre inngrep enn bygging av nye kraftverk og utviding av eksisterande.

Ein endra kraftsituasjon kan gjera auka bruk av effektkøyring i vasskraftverka aktuelt. Samnanger kommune ser på det som viktig at det vert stilt miljøkrav til effektkøyring av vasskraftverk, og at det bør utformast nasjonale retningsliner for effektkøyring.

Samnanger kommune meiner utbygging av landbasert vindkraft må unngåast i urørt natur. Det er positivt at det vert lagt opp til at vertskommunar får større innverknad i vindkraftsaker. Samstundes vil kommunen peika på at det trengst nasjonalt planverk på området, både for å definera område som ikkje bør vera aktuelle for utbygging av landbasert vind og for å beskytta naturverdiar, friluftsliv og andre interesser. Eit slikt nasjonalt planverk kan føra debattar om fornybar energi inn på eit meir konstruktivt spor, og også bidra til at ny, fornybar energi i større grad vert bygd ut, men då med mindre konflikhtar. Kommunen står ei utgreiing av potensialet for nærvind, t.d. i form av mindre anlegg langs vegar, i industriområde eller i område der utbygging har få og små konsekvensar for natur og miljø. Samnanger kommune vil peika på at eit slikt arbeid må setjast i gang snarast.

Samnanger kommune er positiv til ei satsing på utbygging av havvind. Samnanger kommune er vald som utgangspunkt for elektrifisering frå land, noko som også inneber inntekter for kommunen. Me vil likevel understreka at vidare elektrifisering av norsk sokkel må skje gjennom produksjon av fornybar energi offshore, anten gjennom havvind eller på andre måtar. Elektrifisering av sokkelen frå land inneber knappare tilgang på kraft for industri på Vestlandet, og bidreg til å utfordra kraftbalansen. Ved utbygging av havvind og krav til dette i samband med elektrifisering av sokkelen kan ein oppnå

det motsette. Når det gjeld utbygging av havvind, er det samstundes viktig at det vert teke omsyn til natur, fugletrekk, påverknad på marint liv og fiskeriinteresser.

Samnanger kommune vil peika på at energisituasjonen den siste tida har aktualisert ein debatt om kjernekraft. På kort sikt er kjernekraft neppe ei løysing for Noreg, mellom anna grunna utbyggingstid og små fagmiljø. Samstundes har FN's klimapanel peikt på at kjernekraft er ei delløysing, og Samnanger kommune vil understreka at det er viktig at Noreg følgjer og deltek i utviklinga av ny teknologi, til dømes små, modulære reaktorar.

Utgangspunkt i mdg sitt, men negativ til elektrifisering av sokkelen og havvind., sett fram av Monica Tjønnå (Uavhengig representant):

Samnanger kommune tek Energikommisjonen si utgreiing til etterretning og er delvis uroa for Noreg sin framtidige kraftbalanse som kjem fram i rapporten. I dei komande åra vil kraftsituasjonen i Europa endra seg, både fordi europeiske land ikkje ynskjer å gjera seg avhengige av import av gass frå Russland, og fordi det vert satsa stort på utbygging av fornybar energi i ei rekkje andre land. Dette vil også ha konsekvensar for Noreg og for vår konkurransesituasjon, sjølv om vasskrafta vår i stor grad har den fordelan at ho er regulerbar.

Energikommisjonen legg eit godt grunnlag for brei energipolitisk debatt. Me vil samstundes knyta nokre merknader til utgreiinga:

Samnanger kommune vil understreka at det grunnleggjande målet for energipolitikken SKAL vera å sikra jamn, trygg og billeg tilgang på energi til norske forbrukarar og det norske næringslivet, og at denne energien i størst mogeleg grad må koma frå fornybare kjelder. Samnanger kommune meiner dette prinsippet også må liggja fast framtida. I dette ligg det òg at det er viktig å føra vidare det konkurransefortrinn som norsk næringsliv har hatt gjennom tilgang på billeg elektrisk kraft. I Noreg har særleg elektrisk kraft vore eit gode som i prinsippet alle har krav på til relativt låge prisar, dette er viktig å framheva og krevja vert overhalde.

Samnanger kommune vil påpeika at klimakrisa må handterast samstundes med at me handterer naturkrisa, altså aukande tap av naturmangfald og bortfall av økosystemtenester, som følgje av menneskeleg aktivitet. Det inneber at me også ved utbygging av fornybar energi må unngå inngrep i urørt natur og sårbar natur, og at det må takast omsyn til dyrs leveområde. For å redusera behovet for ny kraftutbygging er det difor grunnleggjande viktig med omfattande tiltak for energiøkonomisering og energieffektivisering, inkludert styrkte støtteordningar som gjer at flest mogleg kan gjera slike grep på husstandsniivå, uavhengig av sin personlege økonomi.

Det inneber også tiltak for å redusera transportbehovet, der dette er mogleg, noko også som grip inn i andre samfunnsområde enn det reint energipolitiske. Energikommisjonen peiker på at fokus på transportbehov har konsekvensar for byplanlegging knytt til avstand mellom heim, skule, handelssenter og fritidsaktivitetar, medan ein i spreiddbygde strøk vanskeleg kjem unna individuelle transportløyningar. Samnanger kommune seier seg samde i dette, men vil peika på at transportbehov også må spela ei rolle i planlegging og utvikling utanfor byane. Samnanger kommune vil også peika på at det er viktig med desentraliserte, gode og digitalt tilgjengelege offentlege tenester, og på at det bør leggjast til rette for auka bruk av både heimekontor og satelittkontor for dei som ynskjer og har moglegheit til dette. Det siste vil både kunne bidra til redusera persontransportbehovet og til å styrkja arbeidsmarknaden i mindre kommunar som vår.

Samnanger kommune vil peika på at det også ved utbygging av energiinfrastruktur er vesentleg at det vert teke grunnleggjande omsyn til naturverdiar, og då særleg inngrepsfri natur. Kommunen vil i denne samanheng peika på at det må verta stilt strenge krav til oppgradering og modernisering av allereie eksisterande linjenett framfor å føra fram linjer i nye traséar.

Samnanger kommune er glad for kommisjonen si understreking av at skatte- og avgiftspolitikken må utformast på ein slik måte at den ikkje hindrar samfunnsøkonomisk lønsame investeringar, og samstundes avspegla at kraftsektoren haustar av våre felles naturressursar. Som vasskraftkommune

vil me understreka kor viktig det er at lokalsamfunnet også haustar av verdiskapinga i sektoren. Kommunen meiner at det er særleg viktig å leggja til rette for auka produksjon av regulerbar vasskraft gjennom modernisering av eksisterande kraftverk, noko som inneber mindre inngrep enn bygging av nye kraftverk og utviding av eksisterande.

Ein endra kraftsituasjon kan gjera auka bruk av effektkøyring i vasskraftverka aktuelt. Samnanger kommune ser på det som viktig at det vert stilt miljøkrav til effektkøyring av vasskraftverk, og at det bør utformast nasjonale retningsliner for effektkøyring.

Samnanger kommune meiner utbygging av landbasert vindkraft må unngåast i urørt natur. Vertskommunar må få større innverknad i vindkraftsaker. Samstundes vil kommunen peika på at det trengst nasjonalt planverk på området, både for å definera område som ikkje bør vera aktuelle for utbygging av landbasert vind og for å beskytta naturverdiar, friluftsliv og andre interesser. Eit slikt nasjonalt planverk kan føra debattar om fornybar energi inn på eit meir konstruktivt spor, og også bidra til at ny, fornybar energi i større grad vert bygd ut, men då med mindre konflikhtar.

Samnanger kommune er negative til ei satsing på utbygging av havvind. Mikroplast er allereie et svært stort problem i havet og alle dei negative rinverknader dette medfører. Det er ikkje ynskjeleg å utsettja havet for ytterligere utslepp av mikroplast, som havvind vil medføre. Me er og i mot elektrifisering av norsk sokkel då det ikkje er nødvendig og framstår som en type uriktig "grønvasking". Norsk sokkel har store ressursar på installasjonane og er heilt klart meir enn kapable til å produsera eigen energi på lik linje med dagens praksis.

Samnanger kommune vil peika på at energisituasjonen den siste tida har aktualisert ein debatt om kjernekraft. På lang sikt er kjernekraft moglegens noko Noreg må sjå på. Før me er der må det sjåast på utbyggingstid og at det pr idag er små fagmiljø. Samstundes har FNs klimapanel peikt på at kjernekraft er ei delløysing, og Samnanger kommune vil understreka at det er viktig at Noreg følgjer og deltek i utviklinga av ny teknologi, til dømes små, modulære reaktorar.

Handsaming:

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram framlegg til vedtak. Han orienterte om at han gjerne ønskte at dette skulle vera eit fellesframlegg frå han og Øyvind Røen (Sp), og viste i samband med dette til framlegget som Øyvind Røen hadde lagt inn i Møteportalen.

Monica Tjønnå (Sp) sette fram framlegg til vedtak.

Øyvind Røen orienterte om at det ville vera i orden for han at framlegget som Øyvind Strømmen hadde sett fram, vart eit fellesframlegg frå dei to.

Karl Bård Kollbotn (Frp) sette fram framlegg til vedtak.

Øyvind Røen trekte framlegget sitt.

Røysting:

Det vart først røysta over framlegget til Karl Bård Kollbotn. 3 røysta for og 18 røysta imot dette framlegget, som ikkje vart vedteke.

For	Imot
Linda Haug Kollbotn (Frp)	Knut Harald Frøland (Bl)
Odd Arne Haga (Frp)	Lena Tveit (Bl)
Karl Bård Kollbotn (Frp)	Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)
	Knut Loneland Høibraaten (Bl)
	Ove Totland (Bl)

	Øyvind Steinsland (BI)
	Solveig Vassenden (BI)
	Bjarte Linga (BI)
	Ingvild Raftevoll Bøgevik (Ap)
	Gunn Østvik Petersen (Ap)
	Harald Bøge (Ap)
	Jon Magne Bøgevik (Ap)
	Øyvind Røen (Sp)
	Gunn Totland Moss (KrF)
	Arild Røen (H)
	Øyvind Strømme (MDG)
	Oskar Røen (MDG)
	Monica Tjønnå (Uavh)

Det vart så røysta over framlegget til Monica Tjønnå. 2 røysta for og 19 røysta imot dette framlegget, som ikkje vart vedteke.

For	Imot
Jon Magne Bøgevik (Ap)	Knut Harald Frøland (BI)
Monica Tjønnå (Uavh)	Lena Tveit (BI)
	Anja Elisabeth Gjerde Markhus (BI)
	Knut Loneland Høibraaten (BI)
	Ove Totland (BI)
	Øyvind Steinsland (BI)
	Solveig Vassenden (BI)
	Bjarte Linga (BI)
	Linda Haug Kollbotn (Frp)
	Odd Arne Haga (Frp)
	Karl Bård Kollbotn (Frp)
	Ingvild Raftevoll Bøgevik (Ap)
	Gunn Østvik Petersen (Ap)
	Harald Bøge (Ap)
	Øyvind Røen (Sp)
	Gunn Totland Moss (KrF)
	Arild Røen (H)
	Øyvind Strømme (MDG)
	Oskar Røen (MDG)

Det vart så røysta over fellesframlegget til Øyvind Strømme og Øyvind Røen. 20 røysta for og 1 røysta imot dette framlegget, som vart vedteke. Jon Magne Bøgevik (Ap) røysta imot.

Det vart til slutt røysta over formannskapet si innstilling. 2 røysta for og 19 røysta imot innstillinga, som ikkje vart vedteken.

For	Imot
Jon Magne Bøgevik (Ap)	Knut Harald Frøland (BI)
Monica Tjønnå (Uavh)	Lena Tveit (BI)
	Anja Elisabeth Gjerde Markhus (BI)
	Knut Loneland Høibraaten (BI)
	Ove Totland (BI)
	Øyvind Steinsland (BI)

	Solveig Vassenden (Bl)
	Bjarte Linga (Bl)
	Linda Haug Kollbotn (Frp)
	Odd Arne Haga (Frp)
	Karl Bård Kollbotn (Frp)
	Ingvild Raftevoll Bogevik (Ap)
	Gunn Østvik Petersen (Ap)
	Harald Boge (Ap)
	Øyvind Røen (Sp)
	Gunn Totland Moss (KrF)
	Arild Røen (H)
	Øyvind Strømmen (MDG)
	Oskar Røen (MDG)

KS- 033/2023 Vedtak:

Samnanger kommune tek Energikommisjonen si utgreiing til etterretning og deler den uroa for Noreg sin framtidige kraftbalanse som også kjem fram i rapporten. I dei komande åra vil kraftsituasjonen i Europa endra seg, både fordi europeiske land ikkje ynskjer å gjera seg avhengige av import av gass frå Russland, og fordi det vert satsa stort på utbygging av fornybar energi i ei rekkje land. Dette vil også ha konsekvensar for Noreg og for vår konkurransesituasjon, sjølv om vasskrafta vår i stor grad har den fordel at ho er regulerbar.

Energikommisjonen legg eit godt grunnlag for den breiare energipolitiske debatten. Samstundes ynskjer me å knyta nokre merknader til utgreiinga:

Samnanger kommune vil understreka at det grunnleggjande målet for energipolitikken må vera å sikra jamn og trygg tilgang på energi til norske forbrukarar, og at denne energien i størst mogeleg grad må koma frå fornybare kjelder.

I Noreg har særleg elektrisk kraft vore eit gode som i prinsippet alle har krav på til relativt låge prisar. Samnanger kommune meiner dette prinsippet også må liggja fast i framtida. I dette ligg det òg at det er viktig å føra vidare den føremonen som norsk næringsliv har hatt gjennom tilgang på billeg elektrisk kraft.

Samnanger kommune vil påpeika at klimakrisa må handterast samstundes med at me handterer naturkrisa, altså aukande tap av naturmangfald og bortfall av såkalla økosystemtenester, som følgje av menneskeleg aktivitet. Det inneber at me også ved utbygging av fornybar energi må unngå inngrep i urørt natur og sårbar natur, og at det må takast omsyn til dyrs leveområde. For å redusera behovet for ny kraftutbygging er det difor grunnleggjande viktig med omfattande tiltak for energiøkonomisering og energieffektivisering, inkludert styrkte støtteordningar som gjer at flest mogleg kan gjera slike grep på husstands nivå, uavhengig av sin personlege økonomi.

Det inneber også tiltak for å redusera transportbehovet, der dette er mogleg, noko også som grip inn i andre samfunnsområde enn det reint energipolitiske. Energikommisjonen peiker på at fokus på transportbehov har konsekvensar for byplanlegging knytt til avstand mellom heim, skule, handelssenter og fritidsaktivitetar, medan ein i spreiddbygde strøk vanskeleg kjem unna individuelle transportløyser. Samnanger kommune seier seg samde i dette, men vil peika på at transportbehov også må spela ei rolle i planlegging og utvikling utanfor byane. Samnanger kommune vil også peika på at det er viktig med desentraliserte, gode og digitalt tilgjengelege offentlege tenester, og på at det bør leggjast til rette for auka bruk av både heimekontor og satellittkontor for dei som ynskjer og har moglegheit til dette. Det siste vil både kunne bidra til redusera persontransportbehovet og til å styrkja arbeidsmarknaden i mindre kommunar som vår.

Samnanger kommune vil peika på at det også ved utbygging av energiinfrastruktur er vesentleg at det vert teke grunnleggjande omsyn til naturverdiar, og då særleg inngrepsfri natur. Kommunen vil i denne samanheng peika på at det ofte finst moglegheiter i å oppgradera eksisterande linjenett framfor å føra fram linjer i nye traséar.

Samnanger kommune er glad for kommisjonen si understreking av at skatte- og avgiftspolitikken må utformast på ein slik måte at den ikkje hindrar samfunnsøkonomisk lønsame investeringar, og samstundes avspegla at kraftsektoren haustar av våre felles ressursar. Som ein vasskraftkommune vil me understreka kor viktig det er at lokalsamfunnet også haustar av verdiskapinga i sektoren. Kommunen meiner at det er særleg viktig å leggja til rette for auka produksjon av regulerbar vasskraft gjennom modernisering av eksisterande kraftverk, noko som inneber mindre inngrep enn bygging av nye kraftverk og utviding av eksisterande.

Ein endra kraftsituasjon kan gjera auka bruk av effektkøyring i vasskraftverka aktuelt. Samnanger kommune ser på det som viktig at det vert stilt miljøkrav til effektkøyring av vasskraftverk, og at det bør utformast nasjonale retningsliner for effektkøyring.

Samnanger kommune meiner utbygging av landbasert vindkraft må unngåast i urørt natur. Det er positivt at det vert lagt opp til at vertskommunar får større innverknad i vindkraftsaker. Samstundes vil kommunen peika på at det trengst nasjonalt planverk på området, både for å definera område som ikkje bør vera aktuelle for utbygging av landbasert vind og for å beskytta naturverdiar, friluftsliv og andre interesser. Eit slikt nasjonalt planverk kan føra debattar om fornybar energi inn på eit meir konstruktivt spor, og også bidra til at ny, fornybar energi i større grad vert bygd ut, men då med mindre konflikter. Kommunen stør ei utgreiing av potensialet for nærvind, t.d. i form av mindre anlegg langs vegar, i industriområde eller i område der utbygging har få og små konsekvensar for natur og miljø. Samnanger kommune vil peika på at eit slikt arbeid må setjast i gang snarast.

Samnanger kommune er positiv til ei satsing på utbygging av havvind. Samnanger kommune er vald som utgangspunkt for elektrifisering frå land, noko som også inneber inntekter for kommunen. Me vil likevel understreka at vidare elektrifisering av norsk sokkel må skje gjennom produksjon av fornybar energi offshore, anten gjennom havvind eller på andre måtar. Elektrifisering av sokkelen frå land inneber knappare tilgang på kraft for industri på Vestlandet, og bidreg til å utfordra kraftbalansen. Ved utbygging av havvind og krav til dette i samband med elektrifisering av sokkelen kan ein oppnå det motsette. Når det gjeld utbygging av havvind, er det samstundes viktig at det vert teke omsyn til natur, fugletrekk, påverknad på marint liv og fiskeriinteresser.

Samnanger kommune vil peika på at energisituasjonen den siste tida har aktualisert ein debatt om kjernekraft. På kort sikt er kjernekraft neppe ei løysing for Noreg, mellom anna grunna utbyggingstid og små fagmiljø. Samstundes har FN's klimapanel peikt på at kjernekraft er ei delløysing, og Samnanger kommune vil understreka at det er viktig at Noreg følgjer og deltek i utviklinga av ny teknologi, til dømes små, modulære reaktorar.

30.03.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Nytt retta framlegg, sett fram av Øyvind Strømmen (Miljøpartiet Dei Grøne):

Samnanger kommune tek Energikommisjonen si utgreiing til etterretning, og deler den uroa for Noreg sin framtidige kraftbalanse som også kjem fram i rapporten. I dei komande åra vil kraftsituasjonen i Europa endra seg, både fordi europeiske land ikkje ynskjer å gjera seg avhengige av import av gass frå Russland, og fordi det vert satsa stort på utbygging av fornybar energi i ei rekkje land. Dette vil også ha konsekvensar for Noreg og for vår konkurransesituasjon, sjølv om vasskrafta vår i stor grad har den fordel at ho er regulerbar.

Energikommisjonen legg eit godt grunnlag for den breiare energipolitiske debatten. Samstundes

ynskjer me å knyte nokre merknader til utgreiinga:

- Samnanger kommune vil påpeika at klimakrisa må handterast samstundes med at vi handterer naturkrisa, altså aukande tap av naturmangfald og bortfall av såkalla økosystemtenester, som følge av menneskeleg aktivitet. Det inneber at me også ved utbygging av fornybar energi må unngå inngrep i urørt natur, sårbar natur og at det må takast omsyn til dyrs leveområde. For å redusera behovet for ny kraftutbygging er det difor grunnleggjande viktig med omfattande tiltak for energiøkonomisering og energieffektivisering, inkludert styrka støtteordningar som gjer at flest mogleg kan gjera slike grep på husstandsniivå, uavhengig av sin personlege økonomi.

Det inneber også tiltak for å redusera transportbehovet, der dette er mogleg, noko som grip inn i også andre samfunnsområder enn det reint energipolitiske. Energikommisjonen peiker på at fokus på transportbehov har konsekvensar for byplanlegging knytt til avstand mellom heim, skule, handelssentra og fritidsaktivitetar, medan ein i spreiddbygde strøk vanskeleg kjem unna individuelle transportløyningar. Samnanger kommune seier seg samde i dette, men vil peika på at transportbehov også må spela ei rolle i planlegging og utvikling utanfor byane. Samnanger kommune vil også peika på viktigheita av desentraliserte, gode og digitalt tilgjengelege offentlege tenester, og på at det bør leggjast til rette for auka bruk av både heimekontor og satelittkontor for dei som ynskjer og har moglegheit til dette. Det siste vil både kunne bidra til redusera persontransportbehovet og til å styrka arbeidsmarknaden i mindre kommunar som vår.

- Samnanger kommune er glad for kommisjonen si understreking av at skatte- og avgiftspolitikken må utformast på ein slik måte at den ikkje hindrar samfunnsøkonomisk lønsame investeringar, og samstundes avspegla at kraftsektoren haustar av våre felles ressursar. Som ein vasskraftskommune vil vi understreka viktigheita av at lokalsamfunnet også haustar av verdiskapinga i sektoren.

Kommunen meiner at det er særleg viktig å leggja til rette for auka produksjon av regulerbar vasskraft gjennom modernisering av eksisterande kraftverk, noko som inneber mindre inngrep enn bygging av nye kraftverk og utviding av eksisterande.

- Ein endra kraftsituasjon kan gjera auka bruk av effektkjøring i vasskraftverka aktuelt. Samnanger kommune ser på det som viktig at det vert stilt miljøkrav til effektkjøring av vasskraftverk, og at det bør utformast nasjonale retningsliner for effektkjøring.

- Samnanger kommune meiner utbygging av landbasert vindkraft må unngås i urørt natur. Det er positivt at det vert lagt opp til at vertskommunar får større innverknad i vindkraftsaker. Samstundes vil kommunen peika på at det trengs nasjonalt planverk på området, både for å definera område som ikkje bør vera aktuelle for utbygging av landbasert vind og for å beskytta naturverdiar, friluftsliv og andre interesser. Eit slikt nasjonalt planverk kan føra debattar om fornybar energi inn på eit meir konstruktivt spor, og også bidra til at ny, fornybar energi i større grad vert bygd ut, men då med mindre konflikter. Vi stør ei utgreiing av potensialet for nærvind, t.d. i form av mindre anlegg langs vegar, i industriområde eller i område der utbygging har få og små konsekvensar for natur og miljø. Samnanger kommune vil peika på at eit slikt arbeid må setjast i gang snarast.

- Samnanger kommune er positive til ei satsing på utbygging av havvind. Samnanger kommune er vald som utgangspunkt for elektrifisering frå land, noko som også inneber inntekter for kommunen. Me vil likevel understreka at det ved elektrifisering av sokkel bør vera eit klårt mål at ein størst mogleg del av denne blir gjort gjennom produksjon av fornybar energi offshore, anten gjennom havvind eller på andre måtar. Elektrifisering av sokkel frå land inneber knappare tilgang på kraft for industri på Vestlandet, og bidreg til å utfordra kraftbalansen. Ved utbygging av havvind og krav til dette i samband med elektrifisering av sokkel kan ein oppnå det motsette.

Når det gjeld utbygging av havvind er det samstundes viktig at det vert teke omsyn til natur, fugletrekk, påverknad på marint liv og fiskeriinteresser.

- Samnanger kommune vil peika på at energisituasjonen den siste tida har aktualisert ein debatt om kjernekraft. På kort sikt er kjernekraft neppe ei løysing for Noreg, mellom anna grunna utbyggingstid og små fagmiljø. Samstundes har FN's klimapanel peikt på at kjernekraft er ei delløysing, og Samnanger kommune vil understreka at det er viktig at Noreg følgjer og deltek i utviklinga av ny teknologi, til dømes små modulære reaktorar.

Handsaming:

Øyvind Stømmen (MDG) sette fram framlegg til vedtak. Han orienterte om at han hadde lagt inn tre ulike framlegg i Møteportalen, og at det var framlegget med tittel "Nytt retta framlegg" som vart sett fram.

Framlegget til Øyvind Strømmen vart vedteke med 8 mot 1 røyst. Odd Arne Haga (Frp) røysta imot.

FORM- 020/2023 Vedtak:

Samnanger kommune tek Energikommisjonen si utgreiing til etterretning, og deler den uroa for Noreg sin framtidige kraftbalanse som også kjem fram i rapporten. I dei komande åra vil kraftsituasjonen i Europa endra seg, både fordi europeiske land ikkje ynskjer å gjera seg avhengige av import av gass frå Russland, og fordi det vert satsa stort på utbygging av fornybar energi i ei rekkje land. Dette vil også ha konsekvensar for Noreg og for vår konkurransesituasjon, sjølv om vasskrafta vår i stor grad har den fordelan at ho er regulierbar.

Energikommisjonen legg eit godt grunnlag for den breiare energipolitiske debatten. Samstundes ynskjer me å knyte nokre merknader til utgreiinga:

- Samnanger kommune vil påpeika at klimakrisa må handterast samstundes med at vi handterer naturkrisa, altså aukande tap av naturmangfald og bortfall av såkalla økosystemtenester, som følge av menneskeleg aktivitet. Det inneber at me også ved utbygging av fornybar energi må unngå inngrep i urørt natur, sårbar natur og at det må takast omsyn til dyrs leveområde. For å redusera behovet for ny kraftutbygging er det difor grunnleggjande viktig med omfattande tiltak for energiøkonomisering og energieffektivisering, inkludert styrka støtteordningar som gjer at flest mogleg kan gjera slike grep på husstands nivå, uavhengig av sin personlege økonomi.

Det inneber også tiltak for å redusera transportbehovet, der dette er mogleg, noko som grip inn i også andre samfunnsområder enn det reint energipolitiske. Energikommisjonen peiker på at fokus på transportbehov har konsekvensar for byplanlegging knytt til avstand mellom heim, skule, handelssentra og fritidsaktivitetar, medan ein i spreiddbygde strøk vanskeleg kjem unna individuelle transportløyningar. Samnanger kommune seier seg samde i dette, men vil peika på at transportbehov også må spela ei rolle i planlegging og utvikling utanfor byane. Samnanger kommune vil også peika på viktigheita av desentraliserte, gode og digitalt tilgjengelege offentlege tenester, og på at det bør leggjast til rette for auka bruk av både heimekontor og satelittkontor for dei som ynskjer og har moglegheit til dette. Det siste vil både kunne bidra til redusera persontransportbehovet og til å styrka arbeidsmarknaden i mindre kommunar som vår.

- Samnanger kommune er glad for kommisjonen si understreking av at skatte- og avgiftspolitikken må utformast på ein slik måte at den ikkje hindrar samfunnsøkonomisk lønsame investeringar, og samstundes avspeglar at kraftsektoren haustar av våre felles ressursar. Som ein vasskraftskommune vil vi understreka viktigheita av at lokalsamfunnet også haustar av verdiskapinga i sektoren.

Kommunen meiner at det er særleg viktig å leggja til rette for auka produksjon av regulierbar vasskraft gjennom modernisering av eksisterande kraftverk, noko som inneber mindre inngrep enn bygging av nye kraftverk og utviding av eksisterande.

- Ein endra kraftsituasjon kan gjera auka bruk av effektkjøring i vasskraftverka aktuelt. Samnanger kommune ser på det som viktig at det vert stilt miljøkrav til effektkjøring av vasskraftverk, og at det bør utformast nasjonale retningslinjer for effektkjøring.

- Samnanger kommune meiner utbygging av landbasert vindkraft må unngås i urørt natur. Det er positivt at det vert lagt opp til at vertskommunar får større innverknad i vindkraftsaker. Samstundes vil kommunen peika på at det trengs nasjonalt planverk på området, både for å definera område som ikkje bør vera aktuelle for utbygging av landbasert vind og for å beskytta naturverdiar, friluftsliv og andre interesser. Eit slikt nasjonalt planverk kan føra debattar om fornybar energi inn på eit meir konstruktivt spor, og også bidra til at ny, fornybar energi i større grad vert bygd ut, men då med mindre konflikter. Vi stør ei utgreiing av potensialet for nærvind, t.d. i form av mindre anlegg langs vegar, i industriområde eller i område der utbygging har få og små konsekvensar for natur og miljø. Samnanger kommune vil peika på at eit slikt arbeid må setjast i gang snarast.

- Samnanger kommune er positive til ei satsing på utbygging av havvind. Samnanger kommune er vald som utgangspunkt for elektrifisering frå land, noko som også inneber inntekter for kommunen. Me vil likevel understreka at det ved elektrifisering av sokkel bør vera eit klårt mål at ein størst mogleg del av denne blir gjort gjennom produksjon av fornybar energi offshore, anten gjennom havvind eller på andre måtar. Elektrifisering av sokkel frå land inneber knappare tilgang på kraft for industri på Vestlandet, og bidreg til å utfordra kraftbalansen. Ved utbygging av havvind og krav til dette i samband med elektrifisering av sokkel kan ein oppnå det motsette.

Når det gjeld utbygging av havvind er det samstundes viktig at det vert teke omsyn til natur, fugletrekk, påverknad på marint liv og fiskeriinteresser.

- Samnanger kommune vil peika på at energisituasjonen den siste tida har aktualisert ein debatt om kjernekraft. På kort sikt er kjernekraft neppe ei løysing for Noreg, mellom anna grunna utbyggingstid og små fagmiljø. Samstundes har FN's klimapanel peikt på at kjernekraft er ei delløysing, og Samnanger kommune vil understreka at det er viktig at Noreg følgjer og deltek i utviklinga av ny teknologi, til dømes små modulære reaktorar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka blir lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

SAKNR. 034/2023: Høyringsuttale til forslag om endringar i inndelingslova

20.04.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet si innstilling vart vedteken med 20 mot 1 røyst. Jon Magne Bogevik (Ap) røysta imot.

KS- 034/2023 Vedtak:

Samnanger kommune støttar framlegget frå Kommunal- og distriktsdepartementet om endringar i § 10 i inndelingslova. Desse endringane er naudsynte for å sikra eit reelt lokaldemokrati. Dette er særleg viktig for at også mindre lokalsamfunn (grender/bygdelag) innanfor ein kommune skal få høve til verta høyrde.

30.03.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Sak 021/23 – Inndelingslova, sett fram av Øyvind Røen (Senterpartiet):

Samnanger kommune støttar framlegget frå Kommunal- og distriktsdepartementet om endringar i § 10 i inndelingslova. Desse endringane er naudsynte for å sikra eit reelt lokaldemokrati. Dette er særleg viktig for at også mindre lokalsamfunn (grender/bygdslag) innanfor ein kommune skal få høve til verta høyrde.

Handsaming:

Øyvind Røen (Sp) sette fram framlegg til vedtak.

I røytinga vart framlegget til rådmannen sett opp mot framlegget til Øyvind Røen. Framlegget til Øyvind Røen fekk 8 røyster og vart vedteke. Framlegget til rådmannen fekk 1 røyst (Jon Magne Bogevik, Ap).

FORM- 021/2023 Vedtak:

Samnanger kommune støttar framlegget frå Kommunal- og distriktsdepartementet om endringar i § 10 i inndelingslova. Desse endringane er naudsynte for å sikra eit reelt lokaldemokrati. Dette er særleg viktig for at også mindre lokalsamfunn (grender/bygdslag) innanfor ein kommune skal få høve til verta høyrde.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune støttar ikkje Kommunal- og distriktsdepartementet sitt forslag til endringar i § 10 i inndelingslova. Av omsyn til lokaldemokratiet bør det framleis vera kommunestyret som avgjer om det skal gjennomførast innbyggjarundersøking i saker om grensejustering, og korleis undersøkinga i så fall skal gjerast.

SAKNR. 035/2023: Status – utbetring av vegen i Hagabakkane**20.04.2023 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Tilleggspunkt:, sett fram av Knut Harald Frøland (Bygdalista):

Tilleggspunkt: Kommunestyret ser alvorleg på kostnadsauken i tiltaket og ber om at rådmann vurderer naudsynte tiltak for å sikre at dette ikkje skjer igjen.

Handsaming:

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) sette fram eit tilleggsframlegg.

Det vart røysta over formannskapet si innstilling, inkludert tilleggsframlegget til Knut Harald Frøland. Samrøystes vedteke.

KS- 035/2023 Vedtak:

Tiltaket med å utbetre vegen i Hagabakkane, øvre del opp til Hagabotnane, vert i investeringsbudsjettet for 2023 auka til ein kostnad på inntil 10 MNOK inkl. mva.

Rådmannen kjem tilbake til naudsynt budsjettregulering og finansiering i økonomirapporteringa pr. 1. tertial i juni. Det skal gå fram kva konsekvensar finansieringa av Hagabakkane har for dei andre prosjekta som er vedtekne i investeringsbudsjettet for 2023.

Kommunestyret ser alvorleg på kostnadsauken i tiltaket og ber om at rådmann vurderer naudsynte tiltak for å sikre at dette ikkje skjer igjen.

30.03.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 8 mot 1 røyst. Odd Arne Haga (Frp) røysta imot.

FORM- 026/2023 Vedtak:

Tiltaket med å utbetre vegen i Hagabakkane, øvre del opp til Hagabotnane, vert i investeringsbudsjettet for 2023 auka til ein kostnad på inntil 10 MNOK inkl. mva.

Rådmannen kjem tilbake til naudsynt budsjettregulering og finansiering i økonomirapporteringa pr. 1. tertial i juni. Det skal gå fram kva konsekvensar finansieringa av Hagabakkane har for dei andre prosjekta som er vedtekne i investeringsbudsjettet for 2023.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tiltaket med å utbetre vegen i Hagabakkane, øvre del opp til Hagabotnane, vert i investeringsbudsjettet for 2023 auka til ein kostnad på inntil 10 MNOK inkl. mva.

Rådmannen kjem tilbake til naudsynt budsjettregulering og finansiering i økonomirapporteringa pr. 1. tertial i juni. Det skal gå fram kva konsekvensar finansieringa av Hagabakkane har for dei andre prosjekta som er vedtekne i investeringsbudsjettet for 2023.

SAKNR. 036/2023: Søknad startlån til vidarefordeling 2023–2024

20.04.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteken.

KS- 036/2023 Vedtak:

Samnanger kommune tek opp lån i Husbanken på kr 5 000 000 for å gje økonomisk hjelp til bustadformål. Lånet skal nyttast til vidareformidling av startlån.

30.03.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 025/2023 Vedtak:

Samnanger kommune tek opp lån i Husbanken på kr 5 000 000 for å gje økonomisk hjelp til bustadformål. Lånet skal nyttast til vidareformidling av startlån.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune tek opp lån i Husbanken på kr 5 000 000 for å gje økonomisk hjelp til bustadformål. Lånet skal nyttast til vidareformidling av startlån.

SAKNR. 037/2023: Tilrettelegging for gaming- og e-sport i Samnanger

20.04.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Gaming og e-sport, tilleggsframlegg, sett fram av Monica Tjønnå (Uavhengig representant):

Det vert bedt om at Samnanger Idrettslag vert forespurt om moglegheit for at det vert oppretta eigen E-sport gruppe i Samnanger Idrettslag. Dette vil kunna løyse ut økonomi for å tilretteleggja og skaffa utstyr slik at sporten vart ein lågterskelsport der fleire kan delta.

Handsaming:

Monica Tjønnå (Uavh) sette fram eit tilleggsframlegg.

Det vart røysta over rådmannen si tilråding, inkludert tilleggsframlegget til Monica Tjønnå. Samrøystes vedteke.

KS- 037/2023 Vedtak:

Etter anbefaling frå ungdomsrådet, skal kommunen utarbeida og gjennomføra ei spørjeundersøking blant ungdom i kommunen om eit senter for gaming og e-sport er eit tilbod dei ønskjer. Resultatet frå undersøkinga skal takast med i vurderinga av om det er behov for eit slikt tilbod i Samnanger. Etter at undersøkinga er gjennomført, skal saka leggjast fram igjen for kommunestyret. Dette skal gjerast seinast i september 2023.

Det vert bedt om at Samnanger Idrettslag vert førespurt om moglegheit for at det vert oppretta eiga e-sport-gruppe i Samnanger Idrettslag. Dette vil kunna løysa ut økonomi for å tilretteleggja og skaffa utstyr slik at sporten vart ein lågterskelsport der fleire kan delta.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Etter anbefaling frå ungdomsrådet, skal kommunen utarbeida og gjennomføra ei spørjeundersøking blant ungdom i kommunen om eit senter for gaming og e-sport er eit tilbod dei ønskjer. Resultatet frå undersøkinga skal takast med i vurderinga av om det er behov for eit slikt tilbod i Samnanger. Etter at undersøkinga er gjennomført, skal saka leggjast fram igjen for kommunestyret. Dette skal gjerast seinast i september 2023.

SAKNR. 038/2023: Fleirbrukshall - vurdering av tomtealternativ, måloppnåing/samfunnseffekt, risiko, framdriftsplan og kostnader

20.04.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Alternativ til Rådmannen sitt forslag til områdeplan Bjørkheim og flerbrukshall - og vidare utvikling av Bjørkheim senter, sett fram av Karl Bård Kollbotn (Framstegspartiet):

Samnanger FrP slutter seg til grunneiere og næringsdrivende på Bjørkheim, om å beholde gjeldene reguleringsplan for Bjørkheim. Rådmann stopper alt vidare arbeid med ny planlagt område-plan på Bjørkheim.

Grunnen til vedtaket er at arbeidet med ny reguleringsplan på Bjørkheim, stopper all ny etablering av

næring i hele Bjørkheims-området. Dette kan vi ikke tillate skjer, ettersom en stopp i utviklingen på Bjørkheim vil resultere i reduksjon i aktivitet og færre arbeidsplasser. Grunnlaget for videre drift på Bjørkheim vil også være usikker, i følge grunneier i eget møte i uke 16 på Bjørkheim.

I tillegg sier kommunestyret nei til videre planer med å etablere en flerbrukshall på tomten ved sjøen på Bjørkheim "senter". Planen med å etablere en flerbrukshall vil redusere antall parkeringsplasser for de som driver næring på Bjørkheim og er kommentert i møte med grunneiere. Rådmann stopper alt arbeid med planene om å etablere flerbrukshall på Bjørkheim, slik det foreligger i planene til kommunestyret i dag.

Det skal ikke på noe som helst tidspunkt innledes samtaler om grunnerverv i hele Bjørkheims-området. Den totale prisen som foreligger i estimater som er utarbeidet - gjenspeiler ikke de reelle kostnadene med det som er planlagt bygget av hall på Bjørkheim. Det er heller ikke mulig for politikerne å ta stilling til et videre arbeid med denne planen, med et slikt underlag som kommer frem av sakspapirene.

I tillegg foreslår vi å etablere en ren idrettshall på gratis planert tomt på grusbanen i Hagabotnane, på ca. 1500 m². Det skal ikke brukes konsulenttjenester for dette formålet - å etablere en idrettshall på denne lokasjonen. Det skal innhentes priser fra seriøse leverandører, som igjen gir en totalentreprise på etablering av en ren idrettshall. Rådmann starter opp arbeidet umiddelbart, med å innhente priser og kommer tilbake til kommunestyret med tilbud på ny idrettshall. Vi har nå tre veier inn til idrettsanlegget. En ny gang/sykkelsti fra skole og barnehage på Gjerde. En forhåpentligvis - på sikt brukbar vei fra Haga til Hagabotnane. Vi har også tilkomst fra Frøland og til Hagabotnane. Det det også er mulig å komme frem med buss.

I tillegg stoppes alle andre planer med å utarbeide, via konsulenter - planer om bygging av flerbrukshall. Rådmann skal sette i gang med er å innlede samtaler med ungdomslaget i Nordbygda, om å inngå et samarbeid om å etablere en "storstue" - som et tilbygg til Grendahuset i "Pøyla". Dette kan bli et alternativ som har en økonomisk ramme, som en kommune på 2500 innbyggere kan tillate.

Oppsummert: Vi beholder den gamle reguleringsplanen på Bjørkheim. Vi bygger en ren idrettshall i Hagabotnane. Vi innleder samtaler med ungdomslaget i Grendahuset om å utvide det til en "storstue".

Forslag frå Samnanger Arbeiderparti, sett fram av Gunn Østvik Petersen (Arbeiderpartiet):

Kommunen må ved plassering av hall sjå i eit langsiktig perspektiv, på kva område som har tilstrekkeleg areal og potensial for utvikling. Dette må vere i samanheng med framtidig bustadbygging, mogeleg ny 1-10 skule og barnehage og anna utvikling i naturleg tilknytning til fleirbrukshall. Det er viktig at hallen får ei sentral plassering i kommunen, som vil ha kortast avstand til dei eksisterande største bustadområda i kommunen. At hallen kan nyttast av ein eventuelt framtidig 1-10 skule og barnehage er viktig, og det difor må vere plassert i eit område det er tilstrekkeleg areal for vidare utvikling. Då vil plassering på Haukaneset vere den best eigna lokaliseringa i kommunen. Her kan det skje ei trinnvis utbygging, der ein kan starte med ny infrastruktur og fleirbrukshall. Det vil også kunne knyta sentrale bustadområde ved Bjørkheim og Lønnebakken – Tysse tettare saman. Derfor må Haukaneset fortsatt vere eit av alternativa for plassering av idrettshall.

Kommunen må i kortsiktig perspektiv prioritere tilfredsstillande kvalitet i lovpålagte oppgåver. Ny brannstasjon må prioriterast før fleirbrukshall.

Konklusjon:

Føretrekket plassering av idrettshall er Haukaneset.

Kommunen skal på kort sikt i staden prioritere tilfredsstillande kvalitet i lovpålagte oppgåver, og oppføring av ny brannstasjon må prioriterast før fleirbrukshall.

Tilleggspunkt, sett fram av Knut Harald Frøland (Bygdalista):

For å sikre framdrift/ realisering av planar om etablering av vinmonopol og apotek på Bjørkheim, skal det for gnr/ bnr 18/163, 18/195 og 18/196 ikkje gjerast endringar av gjeldande reguleringsplan i samband med eventuell revisjon av reguleringsplan for Bjørkheimsområdet.

Sak 038/2023, sett fram av Øyvind Røen (Senterpartiet):

Samnanger kommune avsluttar arbeidet med ny områdeplan for Bjørkheim/Lauskar. Det vil seia at den gamle planen skal gjelda framleis. Dette tyder òg at planlegginga av fleirbrukshall i dette området vert stogga. Det same gjeld forhandlingar om kommunalt kjøp av grunn i området.

Samnanger kommune tek sikte på å byggja ein rein idrettshall på eiga, planert tomt på grusbana i Hagabotnane. Storleiken vil vera ca. 1500 m². Det skal hentast inn prisar frå seriøse leverandørar, som i neste omgang kan gje anbod på totalentreprise på bygging av hallen. Rådmannen legg fram sak om dette hausten 2023.

Rådmannen inviterer Nordbygda ungdomslag til å byggja på Grendahuset / byggja lokale i tilknytning til Grendahuset, der føremålet er ulike kultur- og idrettsaktivitetar. Fleire former for sambruk med Grendahuset vil då vera moglege. Dersom ungdomslaget er interessert i eit slikt samarbeid, legg rådmannen fram sak for kommunestyret hausten 2023 om korleis dette kan planleggjast og realiserast.

Sp og Frp

Framlegg sak 38/23 Fleirbrukshall, sett fram av Monica Tjønnå (Uavhengig representant):

- Samnanger kommune seier i dag nei til vidare arbeide med fleirbrukshall.
- Plan om fleirbrukshall kan takast opp at etter at me har fått avklaring vedrørande følgande: bygging av brannstasjon, ungdomsskule og omsorgs/eldre/sjukeheimsplassar (herunder spesifisert plassar for demente).
- Når me tek opp att planane om fleirbrukshall er det Haukaneset som er det mest framtidretta med tanke på areal og moglegheit for større utbygging.

Forslag frå Arbeiderpartiet og Krf, sett fram av Gunn Østvik Petersen (Arbeiderpartiet):

Støttar Rådmann sitt forslag, der Lauskar vert erstatta med Haukaneset.

For vidare utgreiing kan ein vurdere om det er moglege om lokalbussen kan gå om Haukaneset, og om dette er forsvarleg med tanke på mjuke trafikantar. Dette er for å gjere området meir tilgjengeleg.

Tidlegare forslag frå Arbeiderpartiet og Arbeiderpartiet og Krf vert trekt

Handsaming:

Innleiingsvis orienterte prosjektleiar Ola Klyve Dalland frå ABO Plan & Arkitektur AS om tomtestudiet som er gjennomført i arbeidet med saka.

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) sette fram eit tilleggsframlegg.

Gunn Østvik Petersen (Ap) sette fram eit framlegg til vedtak.

Øyvind Røen (Sp) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Gunn Østvik Petersen (Ap) fram eit fellesframlegg frå Ap og KrF. Framlegget som Gunn Østvik Petersen hadde sett fram tidlegare under handsaminga av saka, vart samstundes trekt.

Monica Tjønnå (Uavh) sette fram eit framlegg til vedtak.

Øyvind Røen sette fram eit fellesframlegg frå Sp og Frp.

Røysting:

Det vart først røysta over framlegget til Monica Tjønnå. 1 røysta for og 20 røysta imot dette framlegget, som ikkje vart vedteke. Monica Tjønnå røysta for framlegget.

Det vart så røysta over fellesframlegget frå Sp og Frp. 5 røysta for og 16 røysta imot dette framlegget, som ikkje vart vedteke.

For	Imot
Knut Loneland Høibraaten (Bl)	Knut Harald Frøland (Bl)
Linda Haug Kollbotn (Frp)	Lena Tveit (Bl)
Odd Arne Haga (Frp)	Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)
Karl Bård Kollbotn (Frp)	Ove Totland (Bl)
Øyvind Røen (Sp)	Øyvind Steinsland (Bl)
	Solveig Vassenden (Bl)
	Bjarte Linga (Bl)
	Ingvild Raftevoll Bøgevik (Ap)
	Gunn Østvik Petersen (Ap)
	Harald Bøge (Ap)
	Jon Magne Bøgevik (Ap)
	Gunn Totland Moss (KrF)
	Arild Røen (H)
	Øyvind Strømmen (MDG)
	Oskar Røen (MDG)
	Monica Tjønnå (Uavh)

Det vart så røysta over fellesframlegget frå Ap og KrF. 16 røysta for og 5 røysta imot dette framlegget, som vart vedteke.

For	Imot
Knut Harald Frøland (Bl)	Linda Haug Kollbotn (Frp)
Lena Tveit (Bl)	Odd Arne Haga (Frp)
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	Karl Bård Kollbotn (Frp)
Knut Loneland Høibraaten (Bl)	Øyvind Røen (Sp)
Ove Totland (Bl)	Monica Tjønnå (Uavh)
Øyvind Steinsland (Bl)	
Solveig Vassenden (Bl)	
Bjarte Linga (Bl)	
Ingvild Raftevoll Bøgevik (Ap)	
Gunn Østvik Petersen (Ap)	
Harald Bøge (Ap)	
Jon Magne Bøgevik (Ap)	
Gunn Totland Moss (KrF)	
Arild Røen (H)	

Øyvind Strømmen (MDG)	
Oskar Røen (MDG)	

Det vart så røysta over framlegget til rådmannen. Ingen røysta for dette framlegget.

Det vart til slutt røysta over tilleggsframlegget til Knut Harald Frøland. 18 røysta for og 3 røysta imot dette framlegget, som vart vedteke.

For	Imot
Knut Harald Frøland (BI)	Karl Bård Kollbotn (Frp)
Lena Tveit (BI)	Gunn Totland Moss (KrF)
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (BI)	Monica Tjønnna (Uavh)
Knut Loneland Høibraaten (BI)	
Ove Totland (BI)	
Øyvind Steinsland (BI)	
Solveig Vassenden (BI)	
Bjarte Linga (BI)	
Linda Haug Kollbotn (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Ingvild Raftevoll Bogevik (Ap)	
Gunn Østvik Petersen (Ap)	
Harald Boge (Ap)	
Jon Magne Bogevik (Ap)	
Øyvind Røen (Sp)	
Arild Røen (H)	
Øyvind Strømmen (MDG)	
Oskar Røen (MDG)	

KS- 038/2023 Vedtak:

Samnanger kommune vedtek følgende:

1.

Å leggje *Samnanger fleirbrukshall - prosessplan* d. 20.04.23 til grunn i det vidare arbeidet med å planlegge og byggje ny fleirbrukshall.

2.

Med utgangspunkt i prosessplanen å gå vidare med lokalisering av fleirbrukshall i følgende prioriteringsrekkefølge:

1. Bjørkheim
2. Haukaneset

For vidare utgreiing kan ein vurdere om det er mogeleg om lokalbussen kan gå om Haukaneset, og om dette er forsvarleg med tanke på mjuke trafikantar. Dette er for å gjere området meir tilgjengeleg.

3.

Rådmannen får løyve til å setje i gang forhandlingar om grunnverv for dei aktuelle lokaliseringalternativa (pkt. 2). Kjøpsavtale skal endeleg godkjennast av kommunestyret.

4.

For å sikre framdrift/realisering av planar om etablering av vinmonopol og apotek på Bjørkheim, skal det for gnr/ bnr 18/163, 18/195 og 18/196 ikkje gjerast endringar av gjeldande reguleringsplan i samband med eventuell revisjon av reguleringsplan for Bjørkheimsområdet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vedtek følgande:

1. Å leggje *Samnanger fleirbrukshall - prosessplan* d. 20.04.23 til grunn i det vidare arbeidet med å planlegge og byggje ny fleirbrukshall.
2. Med utgangspunkt i prosessplanen å gå vidare med lokalisering av fleirbrukshall i følgande prioriteringsrekkefølge:
 1. Bjørkheim
 2. Lauskar
3. Rådmannen får løyve til å setje i gang forhandlingar om grunnverv for dei aktuelle lokaliseringalternativa (pkt. 2). Kjøpsavtale skal endeleg godkjennast av kommunestyret.

SAKNR. 1: Interpellasjon frå KrF

20.04.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Gunn Totland Moss (KrF) las opp interpellasjonen.

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) las opp svar på interpellasjonen.

I den etterfølgjande debatten vart det semje om at kommunestyret skulle røysta over følgjande framlegg til vedtak:

- "Kommunestyret ber rådmannen å sjå nærare på korleis ein kan kvalitetssikra at språkplanen vert etterlevd, og at kommunen kan marknadsføra seg betre på det som er språket i kommunen, nemleg nynorsk."

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KS- 1 Vedtak:

Kommunestyret ber rådmannen å sjå nærare på korleis ein kan kvalitetssikra at språkplanen vert etterlevd, og at kommunen kan marknadsføra seg betre på det som er språket i kommunen, nemleg nynorsk.

SAKNR. 2: Interpellasjon Trafikktryggleik

20.04.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Arild Røen (H) orienterte om interpellasjonen og kvifor interpellasjonen var sett fram.

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) las opp svar på interpellasjonen. Han orienterte òg om at han vil invitere Vestland fylkeskommune til å orientera om trafikktryggleik og arbeidet med dette i kommunestyret sitt juni-møte.

I den etterfølgjande debatten vart det semje om at kommunestyret skulle røysta over følgjande framlegg til vedtak:

- "Kommunestyret ber administrasjonen førebu eit notat til kommunestyremøtet i juni 2023, der prioritert plan for trafikk sikring vert lagt fram for diskusjon og der sikring av overgangar med trafikklys vert prioritert. Ber også om at forslag til vidare framdrift mot VFK og Statens Vegvesen vert presentert."

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KS- 2 Vedtak:

Kommunestyret ber administrasjonen førebu eit notat til kommunestyremøtet i juni 2023, der prioritert plan for trafikk sikring vert lagt fram for diskusjon og der sikring av overgangar med trafikklys vert prioritert. Ber også om at forslag til vidare framdrift mot VFK og Statens vegvesen vert presentert.

SAKNR. 039/2023: Presisering av vedtak KS-022/2023 om endring av VA-gebyr sjølvkostområde Eikedalen

20.04.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 19 mot 2 røyster.

For	Imot
Knut Harald Frøland (Bl)	Jon Magne Bøgevik (Ap)
Lena Tveit (Bl)	Monica Tjønnå (Uavh)
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	
Knut Loneland Høibraaten (Bl)	
Ove Totland (Bl)	
Øyvind Steinsland (Bl)	
Solveig Vassenden (Bl)	

Bjarte Linga (Bl)	
Linda Haug Kollbotn (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Karl Bård Kollbotn (Frp)	
Ingvild Raftevoll Bøgevik (Ap)	
Gunn Østvik Petersen (Ap)	
Harald Bøge (Ap)	
Øyvind Røen (Sp)	
Gunn Totland Moss (KrF)	
Arild Røen (H)	
Øyvind Strømmen (MDG)	
Oskar Røen (MDG)	

KS- 039/2023 Vedtak:

Samnanger kommune vedtek å endre gjeldende satsar for kommunale VA-gebyr for sjølvkostområde Eikedalen som vist i tabell, basert på vedtaket KS-022/2023. Satsane vil gjelde frå 01.04.2023.

	Sats 2022	Sats 2023	%-vis endring
Vassavgift utan målar:			
Vassavgift fastdel Kvam	2 756	4 655	68,90 %
Vassavgift forbruk, areal under 100 m ²	992	1 695	70,91 %
Vassavgift forbruk, areal 101-250 m ²	1 764	3 015	70,90 %
Vassavgift forbruk, areal over 250 m ²	3 087	5 276	70,90 %
Vassavgift med målar:			
Vassavgift fastdel Kvam	2 756	4 655	68,90 %
Vassavgift etter målar, pr m ³	25,81	44,11	70,90 %
Kloakkavgift utan målar:			
Kloakkavgift fastdel Kvam	2 646	3 853	45,62 %
Kloakkavgift forbruk, areal under 100 m ²	1 103	1 786	61,88 %
Kloakkavgift forbruk, areal 101-250 m ²	2 095	3 391	61,88 %
Kloakkavgift forbruk, areal over 250 m ²	3 308	5 355	61,88 %
Kloakkavgift med målar:			
Kloakkavgift fastdel Kvam	2 646	3 853	45,62 %
Kloakkavgift etter målar, pr m ³	22,77	36,86	61,88 %
Tilknytingsavgift :			
Tilknytingsavgift vatn	14 884	15 628	5,00 %
Tilknytingsavgift avløp	14 884	15 628	5,00 %

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vedtek å endre gjeldende satsar for kommunale VA-gebyr for sjølvkostområde Eikedalen som vist i tabell, basert på vedtaket KS-022/2023. Satsane vil gjelde frå 01.04.2023.

	Sats 2022	Sats 2023	%-vis endring
Vassavgift utan målar:			
Vassavgift fastdel Kvam	2 756	4 655	68,90 %

Vassavgift forbruk, areal under 100 m2	992	1 695	70,91 %
Vassavgift forbruk, areal 101-250 m2	1 764	3 015	70,90 %
Vassavgift forbruk, areal over 250 m2	3 087	5 276	70,90 %
Vassavgift med målar:			
Vassavgift fastdel Kvam	2 756	4 655	68,90 %
Vassavgift etter målar, pr m3	25,81	44,11	70,90 %
Kloakkavgift utan målar:			
Kloakkavgift fastdel Kvam	2 646	3 853	45,62 %
Kloakkavgift forbruk, areal under 100 m2	1 103	1 786	61,88 %
Kloakkavgift forbruk, areal 101-250 m2	2 095	3 391	61,88 %
Kloakkavgift forbruk, areal over 250 m2	3 308	5 355	61,88 %
Kloakkavgift med målar:			
Kloakkavgift fastdel Kvam	2 646	3 853	45,62 %
Kloakkavgift etter målar, pr m3	22,77	36,86	61,88 %
Tilknytingsavgift :			
Tilknytingsavgift vatn	14 884	15 628	5,00 %
Tilknytingsavgift avløp	14 884	15 628	5,00 %

SAKNR. 2023D02: Dokument utlevert i møtet

20.04.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Oversikt over presentasjonar i møtet og dokument som vart utleverte i møtet:

- Presentasjon frå Statnett i sak 030/2023
- Presentasjon frå World Kinect Energy Services i sak 030/2023
- Økonomigjennomgang ved kommunalsjef Karl Viken i sak 030/2023
- Svar på interpellasjon frå KrF v/Gunn Totland Moss om kvalitetssikring av marknadsførings og opplysningsmateriell
- Svar på interpellasjon frå Linda Haug Kollbotn og Arild Røen om trafikktryggleik

KS- 2023D02 Vedtak:

Dette er ei informasjonssak utan vedtak.